

Extreme Basket

Denne korga lagar du av 5 kvadrat og kan enkelt hacke og lagast i mange forskjellige storleikar.

Tekst og foto: Engel Eikås Tansøy

Dette trenger du:

- Restestoff, gjerne dongeri
- Saks
- Papir
- Symaskin

Slik gjør du:

1. Klipp ut eit kvadrat med like lengder i papir. Du vel sjølv storleiken på kvadratet, men det kan vere på mellom 10 - 25cm. Dette blir mønsteret ditt.
2. Finn to stoff som du synst matcher og klipp ut 5 kvadrat i kvart av stoffa (her er det ikkje nødvendig å legge til sømrom. I denne oppskrifta er gripearmen brukt til å lage likt sømrom heile vegen. Sømrommet tilsvara 1 cm.)
3. Legg rett mot rett side saman og sy fire av dei like kvadrata i dongeri-stoff saman. Pass på at trådretinga er peikar oppover. Om ein vil, kan ein sy franske sømmer her (sjå forklaringa under).
4. Stryk ut sømromma.
5. Sy på botnen/det siste kvadratet. Her er det lurt å sy ei side om gongen, for å få finare og nøyaktig resultat.
6. Gjenta punkt 3 til 5 i det andre stoffet. NB: La ca 7cm på sida stå open slik at det går an å vrenge korga til slutt.
7. Legg dei to korgene rett mot rett og sy dei saman. Vreng korga ut i frå den 7 cm lange opninga som vart laga under punkt 6.
8. Sy saman opninga og stryk korga. Voilà! Du har laga "Extreme Basket" som går an å hacke og lagast i mange forskjellige størrelsar. God fornøyelse!

Franske sømmer:

Legg stoffet vrang mot vrang og sy langs kanten

Klipp av stoff-restar om nødvendig langs sømkanten

Legg stoffet rett mot rett og sy langs kanten

Brett ut og stryk sømmen ned

Med denne saumen får du fin vrangside, og treng ikkje fôr.



Steg for steg



1. Sy saman de fire sidene. Sy det femte kvadratet i bunnen.



2. Sy dei to ulike stoffa som to like korgar.



3. Legg dei inni kvarandre, rett mot rett.



4. la det stå igjen 5 cm opning. Her vrenger du korga.